


Årsmelding

2018



INNKALLING TIL ÅRSMØTE

i

Nordhordland Veteranbåtlag,
laurdag den 23. mars 2019 kl. 1400,
i Musikkrommet
på Ostereidet Ungdomsskule.

Sakslista:

1. Godkjenning av innkallinga.
2. Val av ordstyrar.
3. Val av referent og to personar til å underteikna protokollen.
4. Årsmeldinga, v/styreleiaren.
5. Rekneskapen
6. Val, v/valnemda
7. Innkomne forslag til årsmøtet
8. Fastsetjing av medlemspengane for året 2020.
9. Fastsetjing av arbeidsprogram for 2019.

Ostereidet den 19. februar 2019.

Styret

2.

Årsmeldinga for året 2018

Årsmøtet i 2018, vart halde den 17. mars og 31 medlemmar hadde møtt fram.

Ved valet vart valnemda si innstilling følgt og desse vart dei tillitsvalde for året 201:

Leiar	Tor Johannes Bjørgaas
Nestleiar	Jacob Holme
Styremedlem	Vigdis Markussen, Kjell Harald Nedreaas, Svein Mostraum, Arthur Brekke og Odd Tepstad
Varamenn	Eva-Karin Nilsson, Reidar Fyllingen og Bjarte Hindenes.
Revisor	Deloitte AS v/Pål Svendsen
Valnemd	Magne Hellan, Finn Guldbrandsøy og Roald Moldekleiv.
Kjedefondet	Vidar Lehmann og Magne Angelskår med Magne Hellan og Gunnar Guldbrandsøy som varamenn.

Det vart gjort ei vedtektsendring då paragraf 7.1 vart endra slik at fristen for å senda saker til styret, som skal opp på årsmøtet, er flytta frå den 5. til 25. januar. Dei reviderte vedtektene vart sendt ut til alle medlemane.

På det konstituerande styremøtet , den 5. juli vart styret organisert såleis:

Drifts- og vedlikehaldsgruppaa: Svein Mostraum, Jan Ottar Ulvøy, Odd Tepstad, Jakob Holme, Roald Moldekleiv og Tor Johannes Bjørgaas.

Lagsgruppaa, med medlemskontakten: Vigdis Markussen, Eva-Karin Nilsson og Arthur Brekke.

Dokumentasjons- og historikkgruppaa: Odd Tepstad, Kjell Harald Nedreaas og Vidar Lehmann.

Finansierings- og Økonomigruppaa: Kjell Harald Nedreaas, Arthur Brekke og Eva-Karin Nilsson.

Kjedefondet: Styret sin representant: Kjell Harald Nedreaas

Revisor: Deloitte v/Paal Svendsen

Styret har hatt 4 ordinære møte i perioden og alle møta vart haldne på Ostereidet og takk til trise Ragnhild for bevertninga.

Rapport frå Drifts- og vedlikehaldsgruppaa:

Driftsrapport:

Den 21. april vart det halde ein sikkerhetssdag om bord på OSTER, mens skipet låg til ankers på Eida-flaket, med ankerkula oppe. Heile besetningen var tilkallt og dei fleste kunne stilla denne dagen. Det vart instruert i handtering av det dampdrevne ankerspelet. Det er veldig viktig at den som handterer ankerspelet forstår virkemåten, slik at uønska hendelsar med personskaade mm. ikkje oppstår. Deretter vart livbåtalarmen løyst ut og alle tok på seg dei gule mannskapsredningsvestane. Det vart gitt ei orientering/demonstrasjon i utsetjing av dei oppblåsbare redningsflåtane. Lettbåten vart vinsja ned frå salonghustaket og sett utpå.

3.

Brannalarmen vart løyst ut og det vart gitt ei orientering om brannførebyggjing. Etterpå vart det halde ein brannøvelse. Den dampdrevne brannpumpa vart sett i gang og gjort øvelsar på brannsløkkjing med strålerøyr.

I år vart det også demonstrert korleis OSTER kan styrast med Nødstyring. I tilfelle av at den hydrauliske styringa skulle svikte. Nødstyringa kan då skje med rorkult og taljer og med kommunikasjon med brua via ein bærbar VHF.

Alt utstyret som trengst til dette er lagra i ein kasse, ved sida av styremaskina. Dette kan kvikt riggast opp.

Tilslutt vart øvelsane evaluerte og det vart notert ting som kan finpussast og forbetra resultatet. Det vart påpeikt at dei to kommunikasjonsantennene akter på salonghustaket må flyttast til ein sikrare plass.

Under evalueringa kunne deltakarane nyte trisene sin velsmakande kaffimat og nytrekte kaffi før retur til kaien i Bjørsvik.

Verkstadopphaldet

Den 2. mai gjekk turen til Bergen Group Skjøndal for den årlege slippsetjinga.

Det viste seg at hovedbotnventilen hadde tæringar og måtte fornyast. Dei øvrige botnventilane viste seg å vera i god stand og dei vart godkjente for vidare bruk.

Dugnadsinnsatsen var framifrå bra og heile 11 arbeidsvillige medlemar møtte opp og gjorde arbeidet med å skrapa, prime og smørje skutebotnen. Dette er imponerande !

Den 4. mai vart OSTER sjøsett og turen gjekk direkte heim til Bjørsvik.

Turane

Kulturdagen i Ytre Arna vart halden den 28. april. Dette vart ildlåpen for det nye billetteringssystemet. Mange passasjerar var med på dei korte turane denne dagen og billettørane jobba under høgtrykk.

Den 19. mai var det Brureferd på Osterfjorden. Bryllupsfølget vart henta i Bergen og ferda gjekk til Hamre Kyrkja der vielsen skjedde. Etterpå vart heile følget transportert attende til Bergen.

Den 20. mai gjekk 2. pinsedagsturen til Tælavåg. OSTER og Atløy følgdes, og gjekk ut Solsviksundet og delvis utaskjærs sørover til Tælavågen. Returreisa gjekk via Korsfjorden forbi Klokkarvik.

Turen vart vellukka og OSTER fekk vaska seg grundig i dønningen på utaskjærstrekingen.

Den 30. mai hadde OSTER ein Straumatur frå Knarvik til Lygra m/retur.

Det vart Torgdag i Bergen den 10. juni og fleire blåturar for private og for firmaer utover i juni månad.

På dei to siste sundagane i juni og dei to første i juli gjekk dei tradisjonelle turane frå Bergen til Lyngheiseret på Lygra og Utvandrarseret på Sletta. Det er fortsatt stor ledig passasjerkapasitet på desse turane og styret arbeider med forbetringar også til den komande sesongen.

2. august sette OSTER kursen for Fjordsteam 2018 i Bergen.

I alt 70 båtar var påmeldt arrangementet og dette vart det største og mest vellukka Fjordsteam som nokosinne har gått av stabelen.

Æresmedlemet vårt i Holland stillte for 2.gong i Bergen, med yachten sin «George Stephenson» og var strålende fornøyd då han fekk kaiplass på utsida av OSTER.

Fjordsteam 2018 vart eit vellukka arrangement og søndag den 5. returnerte OSTER til Bjørsvik.

All ære til Øyvind Konglevoll, som var leiar for eit slikt arrangement for 4. gang.

Kaidagen på Fonnes vart arrangert den 11. august og OSTER gjekk dit via Knarvik.

På ettermiddagen dampa OSTER innover Fensfjorden til Myking. Kveldsturen på Hindenesfjorden fekk ein oppsving då Myking, Åsgard og Askelandsvågen kom inn istadenfor Nesbø.

Bygdelaga for desse bygdene har vore samarbeidsvillige med å fylla OSTER, med reiseglade passasjerar.

Søndag den 12. august gjekk Oster frå Askelandsvågen via Fonnes til Furnes der det var kaidag. Ferda gjekk så vidare gjennom Kvigesundet og Eivindvik hamn, forbi Olavsstatuen i Skjerjehamn og forbi Mjømna til Fonnes.

Helga etterpå var det Kystsogedag på Hanevik. Turen på lørdagskvelden gjekk denne gongen innover Byfjorden mot Kvarven, Puddefjorden, Sandviken og nordover langs Åsanelandet attende til Hanevik.

4.

Søndagen var det aktivitetar på kaien i Hanevik.

Helga deretter var det Kystsogedagar på Holmeknappen med eit godt program og godt frammøte.

Turen lørdagskvelden gjekk rundt Holsnøya.

Bondens Marknad vart arrangert på dei første dagane i September.

Den årvisse Modalsturen gjekk søndag den 2. september. Passasjerane mot Bergen tok veteranbuss frå Vikanes, medan Oster avslutta dagen i Bjørsvik.

Lindås Kommune leiga OSTER til å ta ungdomsskuleelevar med på fjordtur. Kvar tur gjekk over 4 timar og starten gjekk frå Knarvik og nordover Straumane. OSTER var ute 3 dagar på dette oppdraget. Det var interessant og lærerikt, kunne dei unge fortelja etterpå. Det var også interessant for dei godt vaksne instruktørane om bord, som likte å møte mange kjekke ungdomar !

Laurdag den 8. september var det Kaidag på Manger. Kommiteen hadde planlagt godt og det kom mange besøkjande. Trisene hadde det travelt med koka nok suppe, som vart selt fortløpande.

Kulturnatta 2018 vart arrangert den 14. september, men det dårlege været måtte ta skulda for at det var lite folk ute på byen.

Dagen etterpå var det opning av den reparerte kaien på Kleiveland. OSTER gjekk i ruta dit frå Ostereidet og Tysse med retur etterpå.

Tiltrass for eit ufyseleg vær så møtte Ostringane trufast opp til arrangementet. Ordføraren held ein tale i dei kraftigaste regnbygene, men dei frammøtte hadde nok opplevd ei regnbyge eller to før ...

Den 15. september var nok ein vellukka seglingssesong over.

REISERAPPORT for 2018:

	n.mil
1. 21.04: Sikkerhetsdag for heile mannskapet, til ankers på Eida-flaket	2
2. 28.04: Bjørsvik – Indre Arna – Ytre Arna – Haus - Votlo, m/retur Bjørsvik.....	58
3.A 02.05: Bjørsvik - Skjøndal Slipp	18
3.B 04.05: Skjøndal Slipp - Bjørsvik	18
4. 19.05: Bjørsvik – Bergen – Hamre kyrkjekai – Bergen - Bjørsvik	60
5. 21.05: Bjørsvik - Bergen – Tælavåg – Bergen - Bjørsvik	95
6. 09.06: Bjørsvik – Bergen	18
7. 30.06: Bjørsvik – Knarvik – Lygra – Knarvik – Bjørsvik	41
8. 06.06: Bjørsvik – Modalen – Knarvik – Bjørsvik	49
9. 08.06: Bjørsvik – Bergen – 4 timars fjordtur – Bergen – Bjørsvik	65
10. A 09.06: Ostereidet – Hosanger – Eknes – Leknes – Hamre – Salhus – Bergen	45
10. B 09.06: Bergen – Salhus – Hamre - Leknes – Eknes - Hosanger – Ostereidet – Bergen	37
11. 17.06: Bjørsvik – Bergen – Lygra - Sletta – m/retur og til Bjørsvik	83
12. A 23.06: Bjørsvik – Hamre kyrkjekai – Valestrandsfossen – Bergen	24
12. B 24.06: Bergen – Salhus - Frekhaug – Lygra – Sletta, m/retur og til Bjørsvik	70
13. A 30.06: Bjørsvik – Hjellestad – Bergen	45
13. B. 01.07: Bergen – Salhus - Frekhaug – Lygra - Sletta, m/retur og til Bjørsvik	66
14. A 07.07: Bjørsvik – Eknesvågen – Modalen – Hesjedalsfossen – Hydna – Eknesv. – Bergen	66
14. B 08.07: Bergen – Salhus – Frekhaug - Lygra - Sletta m/retur og til Bjørsvik.....	70
15. A 02.08: Bjørsvik, Ostereidet, Hosanger, Eknesvåg, Leknes, Hamre, Salhus, Bergen	23
15. B 03.08: Bergen – 2 timars tur med pensjonistar	10
15. C 03.08: Bergen – Ostereidet	17
15. D 04.08: Ostereidet, Hosanger, Eknesvåg, Leknes, Hamre, Salhus, Bergen	23
15. E 04.08: Bergen – Salhus – Leknes – Hosanger – retur til Bergen direkte	36
15. F 05.08: Bergen – Garnes – Bergen, m/retur til Bjørsvik	45
16. A 11.08: Bjørsvik – Knarvik - Fønnes	30
16. B 13.08: Fønnes – Myking – Åsgard – Askeland – snudde ved Eidatræet – Myking - Åsgard – Askeland	24
16. C 14.08: Askeland – Fønnes – Furnes – Eivindvik – Skjerjehamn – Fønnes – Mastrevik	40
16. D 14.08: Mastrevik – Bjørsvik	30

5.

17. A	18.08: Bjørsvik – Hanevik – 4-timers-fjordtur	32
17. B	19.08: Hanevik – Askehavn, tur/retur	8
17. C	23.08: Hanevik – Bjørsvik	16
18. A	24.08: Bjørsvik – Stend – Bergen	51
18. A	24.08: Bergen – Holmeknappen	12
18. B	24.08: Holmeknappen – 4 t. rundt Holsnøy, via Alverstraumen, til Holmeknappen	34
18. C	24.08: Holmeknappen – Frekhaug – Bjørsvik	12
19. A	30.08: Bjørsvik, Ostereidet, Hosanger, Knarvik, Alverstraumen m/retur. Til Bergen	36
19. B	01.09: Bergen Strusshamn – Bergen	8
19. C	02.09: Bergen – Salhus – Leknes – Hosanger – Ostereidet – Tysse – Vikanes – Mo	49
19. D	02.09: Mo – Vikanes – Tysse – Ostereidet – Hosanger – Bjørsvik.....	18
20.	04.09: Bjørsvik – Knarvik – Straumane – Knarvik – Bjørsvik	33
21.	05.09: Bjørsvik – Knarvik – Straumane – Knarvik – Bjørsvik	33
22.	06.09: Bjørsvik – Knarvik – Straumane – Knarvik – Bjørsvik	33
23.	08.09: Bjørsvik – Manger m/retur til Bjørsvik	37
24. A	14.09: Bjørsvik – Knarvik – Garnes – Bergen	34
24. B	15.09: Bergen – Ostereidet	18
24. C	15.09: Ostereidet – Tysse – Kleiveland – Ostereidet – Bjørsvik	18
<hr/>		
Utsegla distanse i året 2018 i nautiske mil		= 1.654
<hr/>		
Utsegla distanse i året 2017 i nautiske mil.....		= 1.814
<hr/>		
Den utsegla distansen i fjor vart 91 % av 2017. Årsak: Ingen langturar utanfor Bergensregionen.		

Vedlikehaldsrapport:

Dampkjelen

Sotsjauen vart gjort snarast råd var, etter at OSTER var komen i vinteropplag.

Hovedttersynet på all kjelearmaturen vart fullført før sesongen begynte.

Tilpassa fødevassrøyra på SB- og BB-sida til dei nye fødevassventilane.

Før oppfyringa begynte vart kjelen kontrollert både på røykgass- og på dampside.

Tilstanden vart fotodokumentert.

Før OSTER var driftsklar vart sikkerhetsventilane funksjonstesta og justerte, i varm tilstand.

Flamme- og nivåovervåkinga vart også funksjonstesta, med godt resultat.

Hovedmaskina

Før sesongstarten vart LT-stemplet montert, som det var, då alle målingane var gode.

Tok blyavtrykk av begge LT-krysslagra og justerte det akte.

Etter sesongslutten vart HT-sleiden trekt opp for kontroll. Bronsetetningsringane såg bra ut og er absolutt eigna til vidare bruk. Leaden vart kontrollmålt og vart funnen å vera korrekt.

Kondensaren

Røyrtsatsen vart børsta og spylt med ferskvatn og endelokka vart reingjorte og smurte med Apexior og monterte nye sinkanodar.

Hovedsjøkjølevasspumpa

Ventilhuset vart opna og ventilplatene vart kontrollerte. Alt såg bra ut og ventilhuset vart smurt med Apexior og monterte nye sinkanodar.

6.

Oppussing i maskinrommet

Etter at sesongen var over vart det nålebanka og vaska grundig i maskinrommet. Etterpå vart det sett i gang ei stor oppussing.

2. plass salongen på babord sida forut

Det pågåande arbeidet vart avslutta ved at alt stålet vart rustbehandla med 3 strøk primer og eitt dekkstrøk. Tilslutt vart all innredninga bygt opp igjen og BB-sida i salongen vart heilmalt. Salongen var klar til sesongstarten.

Lugarane på styrbord sida forut

Etter sesongavslutninga vart all innreiinga og panel plukka ned, slik at det vart tilkomst til hudplatene m/spanter.

Etter å ha fjerna rusten vart hudplatene tjukkelsesmålt med ultralyd. Resultatet var tilfredsstillande, men forbindelsane mellom hudplatene og spantene måtte reparerast pga. korrosjon.

Brannpumpa

Pumpa fekk ny rørføring inn/ut, slik at ekspansjonsbelgane kan virke etter design.

Det vart laga til ein liten stålbenk over brannpumpa. Benken kan med få handgrep fjernast.

Redningsutstyret

Alle flåtane vart resertifiserte før sesongstarten.

Overlevelsedraktene

Alle dei 6 draktene vart fornya.

Livbeltene

Alle markeringslysa vart fornya.

Livbøyene

Alle dei 4 livbøyene hadde roteskade på seglduken og Sjøfartsdirektoratet sin inspektør gav pålegg om å byta dei ut med nye.

Styrehusdørken

Etter sesongavslutninga vart trallverket løfta vekk og slipt.

Ankerspelet

Demonterte begge sylinderdeksla og gjorde reint i sylindrane og smurte dei godt inn med smøreolje.

Akterlanterna

Reparerte lanternehuset og laga ny festebrakett for lampehaldaren og lanterna.

Styremaskina

Fornya handtaket på ventilen, som må opnast ved nødstyring.

Reparerte roteskadar på kassen rundt styremaskina og malte ds.

Sikkerhetsstyring

Det har kome eit krav om at det skal vera utarbeidd ei Sikkerheshåndbok for OSTER og alle andre båtar. Denne håndboka vart klar iløpet av vinteren og vart vist fram på den årlege inspeksjonen i mai mnd. og vart godkjent utan kommentarar.

Vintertildekking

Kvar haust blir det bygt opp reisverk over heile OSTER og når dette er gjort er det klart for å leggja på kalesjen.

Det går med om lag 100 timeverk til å byggja opp reisverket + 60 tv. med å få kalesjen på plass og sikra den medurringar og ballast. I tillegg trengst det ein lastebil med krane.

Frammøtet desse dagane har vore godt slik at arbeidet har gått unna med fynd og klem.

Skanseledninga å fordekket

Rustbehandla skanseledningen og heilmalte ds. innanbords.

Skutesida

Før slippsetjinga vart det nederste av skutesida malt, slik at vasslina kunne setjast av.

Seinare vart resten av skutesida malt.

Dekksreparasjonar

Tømmermannen frå Svanøy vart leiga inn for å ta seg av 3 dekkflekkasjar, 2 på fordekket og ein på promenadedekket. Det vart funne 3 roteangrep til, som også vart reparerte.

Samandrag av vedlikehaldsarbeidet ombord:

Det siste året er det notert 2268 timar dugnadsarbeid ombord på D/S OSTER og det totale timetalet har kome opp i : **55.832 timar.**

Finansiering og økonomi

Gruppa har ikkje hatt særskilte møte, men har diskutert sakene på styremøtene. Den største aktiviteten i gruppa er i samband med ulike søknadsfristar og diskusjon om prioriterte påkostnader som det må søkjast ekstern støtte for. Dette krev tid og omtanke. Responsen på søknadene har variert. Grunna nedskrivingsreglar av dampskipet så har årsrekneskapane vist eit underskot dei siste åra. Det er Lagets målsetnad å få eit netto positivt driftsresultat kvart år. Store og viktige støttespelarar/sponsorar som Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren krev ein god dokumentasjon på utført vedlikehaldsarbeid og innkjøpt utstyr før dei betalar ut støtta til laget.

Seglingsplanen for DS OSTER med stoppestader gjev også sponsorar og støttespelarar/gjevarar høve til å besøkje DS OSTER, og det er gledeleg å sjå at det blir skipa til lokale arrangement i samband med slike båtbesøk.

Gruppa vil oppfordre medlemmane i NHVL til å støtte DS OSTER med grasrotdelen når ein Tippa eller spelar Lotto. Gruppa oppfordrar medlemmer til å kome med innspel og idear som kan vere med å støtte drift og vedlikehald av DS OSTER.

Dokumentasjon- og historikk

Gruppa har som oppgåve å sjå til at reparasjonar og montering av utstyr og inventar samsvarar med slik båten opphavleg var då han gjekk i rutefart mellom Bergen og fjordane

kring Osterøy før 1964. Om nødvendig så rådfører gruppa seg med Riksantikvaren. Brupanelet på DS OSTER må skiftast ut på grunn av rote. Synfaring har blitt utført og kostnader stipulert. Nytt rammeverk og val av materiale blir no diskutert med Riksantikvaren og Hardanger Fartøyvernsenter. Styret har gjort vedtak om teak som utvendig panel. Det omfattande arbeidet vil bli igangsett ved neste vinteropplag.

Økonomien

Rekneskapan for 2018 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Styret meiner at årsrekneskapet viser ei klår oversikt over utviklinga og NHVL sin stilling pr. 31.12.2018:


Dei samla driftsinntektene i 2018 var på kr. **1.673.853** mot kr. **1.464.379** i 2017.

Årsresultatet viser eit underskot i 2018 på kr. **326.869** mot kr. **239.055** i 2017.

Styret vil presisere at den økonomiske stoda ikkje er så ille, som det negative resultatet viser. Det er dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning som er årsaka til at resultatet blir slik. Det er ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2019.

Ostereidet, 19. februar 2019.

Jakob Holme
Nestleiar



Svein Mostrånn
Styremedlem

Johannes Bjørgaas
Styreleiar

Odd Tepstad
Styremedlem

Arthur Brekke
Styremedlem

Vigdís Markussen
Styremedlem

Kjell Harald Nedreaas
Styremedlem

Nordhordland Veteranbåtlag

Resultatregnskap

NOTER	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2018	2017
	Salgsinntekt	1 070 823	829 369
	Offentlige tilskudd	267 402	350 175
	Annen driftsinntekt	335 628	284 835
	Sum driftsinntekter	<u>1 673 853</u>	<u>1 464 379</u>
	Varekostnad	291 664	279 932
2	Avskrivning på driftsmidler	491 344	476 671
3	Annen driftskostnad	1 217 714	946 830
	Sum driftskostnader	<u>2 000 722</u>	<u>1 703 434</u>
	Driftsresultat	<u>-326 869</u>	<u>-239 055</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Renteinntekter	24 116	24 354
	Annen finansinntekt	15 849	15 144
	Rentekostnader	0	4
	Resultat av finansposter	<u>39 965</u>	<u>39 494</u>
	Arsresultat	<u>-286 904</u>	<u>-199 561</u>
	OVERFØRINGER		
	Avsatt til reservefond	19 982	18 519
	Overført fra annen egenkapital	306 886	218 080
	Sum overføringer	<u>-286 904</u>	<u>-199 561</u>

Nordhordland Veteranbåtlag
Balanse pr. 31. desember


NOTER	EIENDELER	2018	2017
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmidler		
2	D/S Oster	7 245 000	7 615 000
2	Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l.	382 575	290 000
	Sum varige driftsmidler	<u>7 627 575</u>	<u>7 905 000</u>
	Sum anleggsmidler	<u>7 627 575</u>	<u>7 905 000</u>
	Omløpsmidler		
	Fordringer		
	Kundefordringer	3 850	10 500
	Andre kortsiktige fordringer	174 725	333 339
	Sum fordringer	<u>178 575</u>	<u>343 839</u>
4	Bankinnskudd, kontanter o.l.	<u>3 352 486</u>	<u>3 408 509</u>
	Sum omløpsmidler	<u>3 531 061</u>	<u>3 752 348</u>
	SUM EIENDELER	<u>11 158 636</u>	<u>11 657 348</u>


Nordhordland Veteranbåtlag
Balanse pr. 31. desember

NOTER	EGENKAPITAL OG GJELD	2018	2017
	Egenkapital		
	Opptjent egenkapital		
	Reservefond	2 352 928	2 332 946
	Annen egenkapital	8 715 608	9 022 495
	Sum opptjent egenkapital	<u>11 068 536</u>	<u>11 355 441</u>
1, 5	Sum egenkapital	<u>11 068 536</u>	<u>11 355 441</u>
	Gjeld		
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	4 850	60 488
	Annen kortsiktig gjeld	85 250	241 420
	Sum kortsiktig gjeld	<u>90 100</u>	<u>301 908</u>
	Sum gjeld	<u>90 100</u>	<u>301 908</u>
	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	<u>11 158 636</u>	<u>11 657 348</u>


Ostereidet, ~~19/2~~ 2019


Tor Johannes Bjørgaas
styrets leder/daglig leder



Odd Tøpstad
nestleder


Vigdis Markussen
styremedlem


Svein Mostraum
styremedlem


Kjell Harald Nedreaas
styremedlem


Arthur Brekke
styremedlem


Jakob Holme
nestleder

Nordhordland Veteranbåtlag

Noter til regnskap 2018

Note 0 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven av 1998 og god regnskapsskikk i Norge.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, korrigert for nedskrivninger og avskrivninger. Nedskrivning foretas når forskjellen mellom virkelig verdi og bokført verdi er vesentlig, og verdiforringelsen antas ikke å være av forbigående karakter. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Langsiktig lån balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Inntekter

Ved varesalg:

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovedsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når varen er levert kunden.

Ved tjenestesalg:

Inntekt regnskapsføres når den er opptjent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tjenesten ytes, i takt med at arbeidet utføres. Inntektene regnskapsføres med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Kostnader

Kostnader regnskapsføres som hovedregel i samme periode som tilhørende inntekt. I de tilfeller det ikke er en klar sammenheng mellom utgifter og inntekter fastsettes fordelingen etter skjønsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

Offentlige tilskudd

Investeringsstilskudd periodiseres over investeringsens økonomiske levetid som driftsinntekt. Mottatte driftstilskudd regnskapsføres etter bruttoprinsippet under driftsinntekter.

Note 1 – Organisasjonsform og formål

Laget er en ideell organisasjon uten profittformål. Laget har derfor ikke skatteplikt.

Formålet består i "å ta vare på og halda i drift farty som har gjort teneste i utviklinga av Nordhordland og næraste tilliggjande kommunar. Vidare ta vare på og skapa interesse for å spreia informasjon om det miljøet båtane var ein del av".

Nordhordland Veteranbåtlag

Noter til regnskap 2018

Note 2 – Varige driftsmidler

	D/S Oster	Radar/ GPS og radio	Rednings- flåter	Kjele- anlegg/ Generator	Periodisk vedlikehold	Sum
Anskaffelseskost pr. 1.1.	12 229 050	110 519	68 225	216 537	266 658	12 890 989
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0	0	213 919	213 919
Avgang	0	0	0	0	0	0
Anskaffelseskost pr. 31.12.	12 229 050	110 519	68 225	216 537	480 577	13 104 908
Akk. av- og nedskrivn. pr. 1.1.	4 614 050	92 969	65 725	160 587	52 658	4 985 989
Årets avskrivninger	370 000	11 848	2 500	29 350	77 646	491 344
Akk. av- og nedskrivn. pr. 31.12.	4 984 050	104 817	68 225	189 937	130 304	5 477 333
Bokført verdi pr. 31.12.	7 245 000	5 702	0	26 600	350 273	7 627 575
Økonomisk levetid	33 år	3 år	5 år	5 år	5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 3 – Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte m.m.

Laget hadde ingen ansatte i 2018.

Styret har ikke mottatt honorar i 2018.

Revisor

Godtgjørelse til Deloitte AS for revisjon utgjør i 2018 kr 12.300 ekskl. mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 4.900 ekskl. mva.

Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Av totalt kr 3.352.486,02 innestående på bankkonto o.l., er kr 2.526.628 bundet i et reservefond som kun skal benyttes til å dekke større uforutsette vedlikeholdskostnader. Midlene disponeres av et eget styre i henhold til fastsatte vedtekter fra reservefond for D/S Oster.

Nordhordland Veteranbåtlag
Noter til regnskap 2018

Note 5 - Egenkapital

	Reservefond	Annen egenkapital	Sum
Egenkapital 1.1.	2 332 946	9 022 495	11 355 441
<i>Årets endring i egenkapital</i>	19 982	-19 982	0
<i>Årets resultat</i>		-286 904	-286 904
Egenkapital 31.12.	2 352 928	8 715 608	11 068 536

Kystkultur – Tradisjon – D/S Oster

